

P R O L O G.

Til syttande mai i Seim, 1960.

Noreg, vårt land. Våre fedrar sitt land,
Du fekk då ein underleg lagnad :
Frå fyrsten, ei Hel - natt i Heidvinterhand,
der liv under blå-is laut tagna. - - .
Men soli ho glitra i tind og i fonn - - - .
Og storbreden gret under tidi si tonn - - .

Og Noreg vart nækt. Det var skoglaust og audt,
frå midja og heilt ut til endom.
Og Noreg var steingrøtt og berglendt og daudt
til grønkast det byrja langs strendom.
Det låg der i einsemi, urøyvt og tryggt,
til farande viking ein bustad fekk byggt.

So storma dei inn, ifrå vest og frå sud,
med klubba og steinøks i hender - - .
So folka dei landet, frå Kjølen til flud.
Dreiv storjakt og fiske langs strender - - .
Sin heimstad dei allstødt laut verja med makt.
Og halda om bustaden årvaki vakt.

For åndi hjå folket var heidensk og kald.
Ei retten, men makti ho rådde.
Dei slost og reiv sunnt under småkongevald,
so alt berre undergang spådde.
Men trass i alt blodtap i fælslege storm
steig Noreg alt klårare fram og tok form.

Men blodsulka, sårmerkt av rasande slag,
og vædt av ei storflod av tårer - - - .
So samla, ein stormande Hafurfjordsdag,
med skumskavl på blodfarga bårer - - - .
Og sidan hev Hårfagers kongstanke rådt,
trass alle dei sverdhogg han sidan hev fått.

Skal kongstanken liva, trengst vakthaldet enn.
Det sårt av vår soga me lærde - .
So ofte ein svikar låg gøymd i ein "ven" - - .
Som kreft dei på samhaldet tørde.
Med utanlandsk svikråd dei jamt stod i pakt.
So kongstanken lyt me nok verja med makt.

Høyr her kva vår nyare soga fortel :
Å, måtte me lyda og læra.
So sidan, når fridomen vår stend på spel,
me veit kva me heve å gjera.
Gjev aldri, med grum, det må segjast meir,
at nordmenner skjemde sitt eige reir.

1940. ✓

Noreg låg stillt i aprilnatti grå. Nordhavet dorma ved strender - - .
Landslyden sov, som om inkje stod på, både i by og i grender.
Morgonen rann, og med sorg fekk me sjå kva som hender. :

Fiendar mest i kvar einaste by. Herskip kring kysten seg sankar - - .
Skot frå kanonor og bombing frå fly vekkjer urolege tankar - - .

Folket i otte ser vårdagen gry. Hjarto bankar - - - - .

Kongen, med riksråd, frå styret vart sett - - - .
Sist på sitt land dei laut røma.
Svikaren, verna av tysk bajonett,
sjølvvald vil styra og døma.
Trampar på Noreg sin fridom og rett. Synd fær bløma.

Krig over landet, med mord og med brann - - - .
Trælka av utanlandsk styre - - .
Nåbleike mannen med ljåen i hand,
hev no si fullaste hyre.
Sorgfyllte år for vårt folk og vårt land, ligg framfyre.

Tusund av fedrar, av vener og brøder
misste sitt liv i dei grufulle år - - - .
Enno ligg Noreg og bivrar og bløder
av desse fælslege, verkjande sår.
Måtte me greida ågrøda og heila - - .
og gjera rett, der dei andre hev feila.

1945.

Me fekk det att, vårt fedreland, av Herrens sterke frelsarhand - .
Det var ei festleg gåva. No er det vårt. No er det fritt.
Og trælecket vart me kvitt. Me Herrens namn bør lova.

Våre feders vågemod og møda
gav til oss ein rik, dyrverdig arv.
Me fekk njota or den fyllte loda,
alt det me og borni våre tarv.
Feders liv i sogeglansen gløder,
medan me om deira storverk røder.

Men kan me liva på dei store minne.
ifrå vår fortids gjøve manndomsdåd - - - ?
Då vil me nok vår folkeåker finne
heilt overgrodd av ugras - utan såd.
Og gamle Noregs kjende andlitsdrag
vert mindre vakre enn dei er i dag.

No er det vår tur til å byggja i landet,
og reinska vår åker for ugras og torn.
No står det til oss å få synt at me kan det,
og gjera det vånare åt vore born.
Dei grove og skjemmaende, heidenske trakk,
dei må me no prøva, i lag, å få vekk.

So fram då, frendar. Legg hand på verke. Fær samhald råda so vert me sterke.
I tanken knyter me, hand i hand, ein ring av samansveist viljestål,
og gjeng til arbeid for dette mål : "Eit enno fagrare Fedreland."

So heisar me deg, du vårt krossmerkte flag
på denne vår nyskapte syttande mai - - .
Sving deg i vårvindens livsfriske drag - - .
Blakra, veifta og sval - - - .
Ved foten her attved di merkestong
lovar me enno ein gong :
Med G U D. For fedrelandet og kongen.
Og sterkt gjennom Noreg kling folkesongen.

•Johs.M.L.Rydland.